

SANDØY KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

04.06.2014

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

onsdag 11.06.2014 kl. 14.30 på Sandøy Rådhus

SAKLISTE:

- Sak 01/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 26. september 2013
 - « 02/14 - Årsmelding 2013 – Sandøy kommune
 - « 03/14 - Kommunerekneskapen 2013 – Sandøy kommune
 - « 04/14 - Gjennomføring av kommunestyrevedtak relatert til kulturskolen, B-sak
 - « 05/14 - Uttalar frå rådmannen i budsjettsaka for 2014
 - « 06/14 - Oppfølging av kontrollutvalsak 13/13, B-sak
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Anne Iversen
fung. leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SANDØY KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 26. september 2013, kl. 14.30

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Helge Ervik

Elles til stades:

Anne Iversen, Ann Helen Harnes og 2. varamedlem Terje Slåtten

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar, Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar, Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Frå Sandøy kommune møte:

Ordførar Hans Endre Sæterøy (var tilstades i sak 08/13, 09/13, 10/13 og 11/13). Rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik var tilstades i heile møtet.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 08/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. APRIL 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 22. april 2013 blir godkjent.

SAK 09/13

VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 – SANDØY KONTROLLUTVAL

Saksdokument datert 10.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Budsjett for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

SAK 10/13**DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN BASERT PÅ 1. TERTIALRAPPORT 2013**

Saksdokument datert 10.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Ettersom det til møtet låg føre ein førebels tertialrapport for 2. tertial, vart det teke utgangspunkt i denne i staden for den frå 1. tertial. Rådmannen orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 11/13**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Saksdokument datert 10.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

I prioritert rekkjefølgje av 1 til 2 forvaltningsrevisjonar er det gjort slik rangering:

1. Undervisning/spesialundervisning
2. Intern styring og kontroll
3. Kvalitet saksutgreingar/oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinnhald innanfor dei tema som kommunestyret gjer vedtak om.

SAK 12/13**KULTURSKOLEN – ORIENTERINGS- SAK B-SAK**

Det vart fremma forslag om å lukke møtet under behandlinga av denne saka med heimel i kommuneloven § 31 nr. 2 og 4, jf forvaltningsloven § 13 nr. 1. Ved votering vart dette samrøystes vedteke.

Rådmannen orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møtet vart opna.

SAK 13/13

BEHANDLINGSMÅTEN LOKAL LØNNFORHANDLING 2013 - RÅDMANNSLØNA

(Saka kom opp under eventuelt)

Saka kom opp på bakgrunn av innspel frå representantar i kommunestyret

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å sjå nærare på saka.

Helge Ervik
leiar
(sign.)

Anne Iversen
nestleiar
(sign.)

Ann Helen Harnes
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 04.06.2014

**SAK 02/14
ÅRSMELDING 2013 – SANDØY KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2013 – Sandøy kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Sandøy kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 04.06.2013

**SAK 03/14
KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – SANDØY KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2013 - Sandøy kommune
2. Sandøy kommune - kommunerekneskapen 2013

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine måleasetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. Kontrollutvalet har også ein funksjon inn mot den interne kontrollen og har hatt til behandling ei sak om svikt i den interne kontrollen innan eining for kultur.

Ansvarleg revisor og administrasjonen har supplert kontrollutvalet med relevant informasjon i det løpande arbeidet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

1. Sandøy kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.
2. Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet viser til kommunelova § 46, nr. 3 om at årsbudsjettet skal vere realistisk og § 47 om budsjettet sin bindande verknad.
3. Det blir vidare vist til innrapportert svikt i den interne kontrollen innan eining for kultur i 2013.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Mari Ann Yndestad

Vår dato:
03.06.2014
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Sandøy kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – SANDØY KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sandøy kommune som viser kr 86 914 442,95, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sandøy kommune per 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon med atterhald om budsjett*

Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i høve regulert budsjett. Det vert vist til kravet i kommunelova § 46, nr. 3 om at årsbudsjettet skal vere realistisk og § 47 om årsbudsjettet sin bindande verknad.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Kommunerevisjonen rapporterte svikt i den interne kontroll innan eining for kultur i 2013. Det vert vist til kommunestyret si handsaming og oppfølging i sak PS 13/33 i møte 24.09.2013.

Kommunerekneskapen og årsmeldinga er avlagt etter fristen hhv. 15.02.og 31.03. Dette har forseinka kommunerevisjonen sitt arbeid.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 04.06.2014

**SAK 05/14
UTTALAR FRÅ RÅDMANNEN I BUDSJETTSAKA 2014**

I eit utfordringsnotat datert 12.12.2013 – som også følgjer 2. gongs behandling av budsjett 2014 går følgjande fram.

Sitat:

Rådmannen meiner det er alvorleg at det var leiar av Sandøy kontrollutval som tok til orde for at det ikkje hadde nokon konsekvens å ikkje ha eit gyldig budsjett før t.d. oktober 2014. Dette er på tvers av lov, og det vil vere særst vanskeleg å halde budsjettdisiplin og effektivt drifte organisasjonen om ein ikkje har mål, og veit kva som er politisk retning for 2014 og i heile økonomiplanperioden.

Vidare framførte han at rådmannen og einingsleiarar med fastløn kan påleggjast arbeid ut over normalt årsverk, på helg- og høgtid med omsyn til arbeidsmiljøloven. Hans syn følgjer ikkje alminneleg arbeidsrett og rettspraksis, og får stå for hans rekning – rett er det ikkje.

Kontrollutvalet et kommunestyret sitt kontrollorgan som skal sjå til at drifta både politisk og administrativt følgjer lov, forskrift og etisk regelverk. Det gjer manglande tillit når leiar av organet ikkje kjenner eller rettar seg etter vesentleg lovverk.

I eit tidlegare notat hadde rådmannen skreve mellom anna dette om leiar i kontrollutvalet:

Rådmannen setter spørsmål ved at det er leiar for kontrollutvalet i Sandøy som med sterkast stemme i behandlinga av budsjettsaka oppfordrar til lovbrot frå talarstolen om vesentlege forhold. Dette var innlegg ved behandling av budsjett og konsekvensar av å ikkje sluttbehandle før td oktober 14, samt kva arbeidslast ein kan pårekne på både rådmann og einingsleiarar som følgje av at dei har fastløn.

Det er riktig at arbeidsmiljøloven sitt kapittel 10 om kompensasjon for overtid ikkje gjeld, men går inn i ei forskrift og forarbeid til lov er det sagt klart at dette er grunna i ein leiar sitt høve til å regulere arbeidsmengde og arbeidstid sjølv, og at for alle gjeld hovudreglande om eit forsvarleg arbeidsmiljø og årsverk etter lova.

Etter mitt syn gjer dette noko med kontrollutvalsleiar sin habilitet ved behandlinga av budsjett og budsjettprosess i kontrollutvalet.

I det utsendte budsjettdokumentet skriv mellom anna rådmannen:

b) Lovlegheit

Med dette vedtak gjer Sandøy kommunestyre det klart at vi ikkje vil innrette oss etter lov innan årsskiftet, jf kommuneloven § 49, vidare forskrift nr 1423 om årsbudsjett i kommune § 15 (1) årsbudsjett skal vedtakast før årsskiftet og (2) skal føreligge som eiga dokument seinast 15.januar i budsjettåret.

Brot på dette medføre at Sandøy kommune får tilsvarende status som Robek til eit årsbudsjett føreligg. (ROBEK, Register om betinget godkjenning og kontroll, er et register over kommuner og fylkeskommuner som må ha godkjenning fra Kommunal- og regional-departementet for å kunne foreta gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leieavtaler og omfatter kommuner og fylkeskommuner med økonomisk ubalanse).

Dette betyr at vi ikkje kan ta opp lån og finansiere våre investeringar fram til årsbudsjett føreligg. Frist for oversending av komplett årsbudsjett til Fylkesmannen er 1.mars i budsjettåret, men dette er for å gje tid til kvalitetssikring og samanstilling. Dette er ikkje meint som tid til politisk behandling og vedtak.»

Vidare skriv rådmannen mellom anna:

Når kommunestyret held tilbake informasjon om kva vedtak dei ønskjer å gjere slik at rådmannen ikkje får utreda saka forsvarleg, går kommunestyret inn på roller som etter lov er delegert rådmannen som fagleg leiar og ansvarleg for drifta.

Rådmennen skriv også:

Av og til kan utviklinga bli så utfordrande at også det demokratiske mandat må forhandlast med for å få til den best moglege utvikling. -----

Rådmannen meiner at det politiske system denne hausten ikkje har hatt kunnskap nok om kommunale plan- og budsjettprosessar, samt rolle- og ansvarsfordeling mellom politikk og administrasjon etter Kommuneloven.

Det blir også reist tvil om kommunen si evne til å betale sin del av Nordøyvegen.

Det er ønskjeleg at rådmannen utdjupar desse uttalanene i møtet og særleg dei som gjeld leiar i kontrollutvalet.

Harald Rogne
dagleg leiar